



GJESDAL KOMMUNE
INTERNT SERVICESENTER - RÅDMANNEN

1/1

Kopi til:

Det kongelige kommunal- og regionaldepartement

Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksnr. 2006/000885

Arkiv 000-C83-&13

Dato 22.09.2006

Deres dato 28.04.2006

Deres ref.

Vår saksbehandler Kolbjørn Sandve

Høring - NOU 2006:7 Det lokale folkestyret i endring

Det blir vist til departementet sitt høringsbrev datert 28. april 2006.

Kommunestyret i Gjesdal behandla denne saka i sitt møte 18. september 2006, sak 85/06. Med 22 mot 3 stemmer gjorde kommunestyret følgende vedtak:

Gjesdal kommune tilrår som fleirtalet i kommisjonen at gjeldande ordning med felles valdag for kommunestyreval og fylkestingsval vert vidareført.

Stemmerettsalderen bør vera 18 år som i dag.

Mindretalet stemte for rådmannen si tilråding om felles valdag for alle vala, og ei senking av stemmerettsalderen til 16 år.

././ Vedlagt følger protokoll og saksutgreiing i sak 85/06.

Med helsing
GJESDAL KOMMUNE

Kolbjørn Sandve
assisterande rådmann

Postadresse
Gjesdal Kommune
Rettedalen 1
4330 Ålgård
Besøksadresse
Storahuset

E-postadresse
postmottak@gjesdal.kommune.no
Telefon
51611100
Telefaks
51618956

Internt servicesenter - rådmannen
Rettedalen 1, 4330 Ålgård
Telefon 5161 1100
Telefaks 5161 8956
Besøksadresse
Storahuset

Bankkonto
6350.05.38750
Foretaksregisteret
964978573



Saksprotokoll fra Kommunestyret

085/06 Høring - NOU 2006:7 Det lokale folkestyret i endring

Saksbehandler Kolbjørn Sandve - IS

:

Dato: 20.09.2006

Arkivref.: 2006/000885-2 / 000-C83-&13

Utvalg	Møte- dato	Utvalgs- saksnr.	Beh.- status	Besluttende organ
Kommunestyret	18.09.2006	085/06	BE	Ja

(Behandlet status: SK=Sakliste sendt, BE=Ferdig behandlet, UT=Utsatt, TB=Tilbakeført til forrige utvalg)

Underretning sendes:

- parter i saken
- øvrige

Dokumenter vedlagt saken:

Høringsbrev fra Kommunal- og regionaldepartementet, datert 28.04.06
NOU 2006 - Det lokale folkestyret i endring? - Kapittel 1
NOU 2006 - Det lokale folkestyret i endring? - Kapittel 6

Øvrige dokumenter i saken:

Klageadgang:

Nei

Rådmannens innstilling

Gjesdal kommune tilrår som mindretallet i kommisjonen at ein innfører felles valdag for alle vala.

Gjesdal kommune tilrår at stemmerettsalderen blir senka til 16 år. For å kunna velgast til Stortinget må ein seinast fylla 18 år i valåret.

Møtebehandling

Det blei først stemt over følgjande forslag fremma av Torill Idland, Sp:
Gjesdal kommune tilrår som fleirtalet i kommisjonen at gjeldande ordning med felles valdag for kommunestyreval og fylkestingsval vert vidareført.

Forslaget fekk 22 mot 3 stemmer (H). Mindretallet stemte for rådmannens innstilling.

Deretter blei det stemt over følgjande forslag fremma av Torill Idland, Sp:
Stemmerettsalderen bør vera 18 år som i dag.

Forslaget fekk 22 mot 3 (SV og 1 H) stemmer. Mindretallet stemte for rådmannens innstilling.

Vedtak

Gjesdal kommune tilrår som fleirtalet i kommisjonen at gjeldande ordning med felles valdag for kommunestyreval og fylkestingsval vert vidareført.

Stemmerettsalderen bør vera 18 år som i dag.

Rett utskrift

Berit H. Lima
Berit H. Lima



SAKSUTREDNING

Dato 19.07.2006 Saksnr.: 2006/000885

Arkiv: 000-C83-&13 U.off §:

Saksbehandler Kolbjørn Sandve

Til
Kommunestyret

Kopi:

Høring - NOU 2006:7 Det lokale folkestyret i endring**Bakgrunn for saka**

Det lokale folkestyret i endring? er tittelen på NOU 2006:7. Dette er andre delen av en utgreiing om lokaldemokratiet. Lokaldemokratikommisjonen har vore leia av ordføraren i Stavanger, Leif Johan Sevland.

././././ Vedlagt følger høringsbrevet, kapittel 1 på 20 sider, og kapittel 6 om økonomiske og administrative konsekvenser på 2 sider. Høringsfristen er sett til 1. oktober.

Utgreiinga er på ca. 150 sider pluss ca. 100 sider vedlegg. Heile utgreiinga kan ein finna på internett: http://www.odin.no/krd/norsk/dok/andre_dok/nou/016001-020024/dok-bn.html

NOUen gir ei brei og god utgreiing om lokaldemokratiet, ikkje minst dei store utfordringane som det representative lokaldemokratiet står ovanfor i dagens samfunn. Det blir og reist spørsmål knytta til politisk rekruttering og representativitet, og til ulike måtar å organisere kommunal verksemd på. Nokre av desse problemstillingane er i hovudsak politiske. Rådmannen har difor valgt å omtale to punkt i høyringa noko nærmare: Spørsmålet om felles valdag for alle val og spørsmålet om stemmerettsalder. I nokon grad heng desse i hop.

Oppslutninga om vala har vore synkande, men vi er framleis på eit mellomhøgt nivå i europeisk samanheng. Lokalvala ligg klar under Stortingsval i oppslutning. Kommunevala har hatt liten drahjelp av val til fylkestinget. I forslaget om regionar har ein tatt konsekvensen av dette og forslår felles valdag med Stortingsval.

Utgreiinga slår fast at ein vil auke oppslutninga om kommunevala med 10-15 prosentpoeng om ein får felles valdag med Stortingsval. Det er ei vurdering som rådmannen kan slutta seg til.

Ingen andre tiltak vil gi same effekt. Ein kan for eksempel ikkje sjå utslag i auka oppslutning om valet ved å innføre direkte ordførarval, kanskje noko mindre tilbakegang enn det elles ville ha vore. Klare lokale stridsspørsmål kan gi kortvarig større oppslutninga om valet, men heller ikkje det gir alltid slike utslag. Stridsspørsmål kan nok også på mange måtar vere ein "dyr" måte å skaffe seg større valdeltaking på for eit lokalsamfunn.

Alt i dag er kommuneval prega av rikspolitik og rikspolitkarane, dette ville nok blitt noko forsterka med ein felles valdag. Rådmannen trur at ein stor del av velgarane ved lokalvala også i dag vel ut frå rikspolitiske preferansar. Også i Gjesdal svinger framgang og tilbakegang for parti i kommunevala i takt med det som skjer elles i landet.

Etter rådmannen sitt syn må det vere høgt prioritert å få større oppslutning om lokalvalet. Dersom ein kan betra dette med 10-15 prosentpoeng ved å innføre ein felles valdag, får ein heller tåle dei eventuelle ulempene.

Ei innvending mot felles valdag er at vi med dette i snitt får eldre førstegongsvelgarar.

I dag får ein i snitt velga når ein er 18 år og 9 månader og seinast det året ein fyller 19. Viss det blir ein felles valdag vil snittet gå opp til 19 år og 9 månader seinast det året ein fyller 21 år.

Viss ein samtidig med innføring av felles valdag senker stemmerettsalderen til 16 år vil førstegongsvelgaren i snitt bli 17 år og 9 månader, og ein vil seinast få velga det året ein fyller 19 år.

Det bør ikkje skapa problem at ein også kan velgast til kommunestyre og fylkesting når ein har fått stemmerrett. Rådmannen synest ikkje ein skal kunna velgast til Stortinget før ein er myndig.

16 åringar tek alt i dag viktige val for si framtid, val av yrke og utdanning. Rådmannen trur at dei også er i stand til å foreta sjølvstendige val i samband med valet.


Forslag til vedtak:

Gjesdal kommune tilrår som mindretalet i kommisjonen at ein innfører felles valdag for alle vala.

Gjesdal kommune tilrår at stemmerettsalderen blir senka til 16 år. For å kunna velgast til Stortinget må ein seinast fylla 18 år i valåret.

Rådmannen i Gjesdal, den 19.07.2006


Bodil Sivertsen


Kolbjørn Sandve